Referat frå elevrådsmøte 20.10.2026

Desse møtte: Elevrådsrepresentantane frå alle årsstega, bortsett frå dei som står under forfall.

Forfall: Miljørettleiar Malin, eine representanten frå 6.årssteg, representantane frå 5.årssteg. Representantane frå 2.årssteg kom seint til møtet.

Leiar og referent: Linda Selheim

Gjennomgang av referat frå førre møte

Det var berre 6.årssteg som rapporterte om at referat hadde blitt gjennomgått på årsstega. Rektor skal gå rundt på alle årsstega og informere om elevrådsarbeidet på skulen. Det er viktig at dei vaksne viser at dei tykkjer elevrådsarbeid er viktig og at dei set av tid til dette.

Tilbakemeldingar frå Snill e kult-konferansen på Straume

Elevrådet fekk god informasjon på Snill e kult i kinosalen på Straume. Det var veldig stas å få reise inn og møte elevråda frå heile kommunen, samt frå vidaregåande. Etter informasjon blei det arbeid på Sartor Bowling. Elevråda kom med innspel til torgdag på Sartor i april der pengar frå torgdagen skal gå til Barneklinikken på Haukeland. Det blei også arbeid med innhald til Snill e Kult-dagen. Elevråda fekk også informasjon om, og drøfta, bruk av el-sparkesyklar.

Evaluering og tilbakemelding frå nye moment dette semesteret: Kafé i amfiet, open hall i storefri, ope bibliotek.

Ope bibliotek: Dette vil dei ha meir av! Må ikkje slutte med det! Ynskjer fleire dagar og friminutt der biblioteket er ope.

Open hall: Kanonball og fotball er gøy, men kan gjerne ha fleire ulike aktivitetar òg. Elevane vil heller ha fleire ulike aktivitetar gjennom ei veke, enn fleire aktivitetar på ein gong. Dei forstår at hallen då kanskje må delast i to i staden for tre. Dei rapporterer om lite uønska åtferd.

Kafé: Elevane på mellomsteget tykkjer dette er gøy og melder om lite uro. Elevane på småsteget seier at det er gøy, men at det er elevar som øydelegg med å springe rundt, vippe på stolen og roper.

Elevrådet etterlyser konsekvensar for dei som ikkje kan oppføre seg under kaféen. Rektor tek saka vidare.

Innspel til leiketimane framover

Elevrådet tykkjer leiketimane er veldig fine og det er verdifullt å gjere praktiske aktivitetar på tvers av årsstega. Dei understrekar **på tvers av årsstega** og **praktisk**. Dei kjem med desse innspela:

- Ta i bruk musikkrommet (ynskjer å spele og at dei vaksne som er der kan noko om musikk)
- Bruk av klatreveggen (ynskjer å klatre og å buldre)
- Alle-mot-alle i hallen (eller andre aktivitetar som hinderløype)
- Snøleik ute til vinteren (kaste snøball på blink eller byggje noko i snøen)
- Aktivitetar på biblioteket (leseaktivitetar og/eller biblioteksarbeid)

Andre saker frå årsstega

Elevrådet spør korleis det ligg an med saka om le-skurene. Rektor seier at ho skal undersøkje med FAU på neste møte.